



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato:	14.05.2025
Møtetid:	15:00 - -18:00
Møtestad:	Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordførar	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordførar	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Politisk sekretær, Aleksander Bergli

Kommunedirektør, Ingvild Kirsti Hjelmtveit

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur, Olaf Hella

Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial, Kristin Ruud Myking

Rådgsjevar for Stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk, Øystein Njåstad

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 18/25	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 19/25	Godkjenning av møtebok 26.03.2025	
PS 20/25	Referatsaker og meldinger	
PS 21/25	Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd	
PS 22/25	Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse	
PS 23/25	Omstilling av Osterøy kommune	
EV 2/25	Andre saker/spørsmål	

Lars Fjeldstad

Ordfører

PS 18/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 18/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Framlegg til vedtak frå ordfører:

Flytte sak PS 22/25 Omsorg+ til å vere første sak i møtet.

Votering:

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjende med dei føreslåtte endringane.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 18/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjende med dei føreslåtte endringane.

PS 19/25 Godkjenning av møtebok 26.03.2025

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 19/2025 Godkjenning av møtebok 26.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 26.03.2025 vert godkjent

Votering:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 19/2025 Godkjenning av møtebok 26.03.2025:

Møtebok vart godkjend

PS 20/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 20/2025 Referatsaker og meldinger:

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 20/2025 Referatsaker og meldinger:

PS 21/25 Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 21/2025 Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune avslår søknaden frå Osterøy kyrkjelege fellesråd om støtte til (1) bytte til led lys i taket i Hamre kyrkje og (2) grasklypparar.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp):

Osterøy kommune innvilger søknad om stønad til bytte av ledamatur i hamre kyrkje, for å ivareta el sikkerheten.

Osterøy kommune bevilger stønaden etter pris er innhenta og levert kommunen.

Stønad til plenetraktor vert avslått og bør sjås i samheng med det kommande budsjettet for 2026.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp).

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster for(H,2Sp,2Ap) og 2 røyster mot(2Frp).

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 21/2025 Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd:

Osterøy kommune avslår søknaden frå Osterøy kyrkjelege fellestråd om støtte til (1) bytte til led lys i taket i Hamre kyrkje og (2) grasklypparar.

PS 22/25 Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 22/2025 Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse:

Innstilling frå Levekårsutvalet:

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med detaljplanlegging, utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av pris- og designkonkurranse for eit prosjekt med eit areal på om lag 13 000 kvadratmeter med ei tilhøyrande brutto kostnadsramme på om lag 830 millionar kroner inkludert moms. Nettokostnad, der tilskot frå Husbanken og momskompensasjon er trekt frå er rekna til å vera om lag 450 millionar kroner. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak før det vert inngått avtale om samspelfase.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 22/2025 Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse:

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med detaljplanlegging, utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av pris- og designkonkurranse for eit prosjekt med eit areal på om lag 13 000 kvadratmeter med ei tilhøyrande brutto kostnadsramme på om lag 830 millionar kroner inkludert moms. Nettokostnad, der tilskot frå Husbanken og momskompensasjon er trekt frå er rekna til å vera om lag 450 millionar kroner. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak før det vert inngått avtale om samspelfase.

PS 23/25 Omstilling av Osterøy kommune

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 23/2025 Omstilling av Osterøy kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyre har som mål å vedta ein realistisk økonomiplan for planperioden 2026–2029 i balanse i samband med at heradsstyret vedtek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 i desember 2025.
2. Heradsstyret vedtek Prosjekt-/gjennomføringsplan for berekraftig omstilling 2025 – 2028 slik det ligg føre, men ber om at dette vert utvikla kontinuerleg med sikte å avdekke nye innsparings- og utviklingstiltak som gjev ønska måloppnåing.
3. Prosjekta som vert sett i verk skal samla sett gje gevinstar som stettar måla om:
 - ein økonomiplan i balanse
 - ei forsvarleg og effektiv tenesteyting
 - ein god arbeidsgjevarpolitikk
 - eit sosialt berekraftig samfunn
4. I kvart prosjekt skal det leggjast til rette for både informasjon og medverknad frå interessentar og involvering av tillitsvalde basert på prosjekta sine planar og lov- avtaleverk.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å hente inn ekstern kompetanse for hjelpe kommunen i omstillingsarbeidet. Ramma for dette er avgrensa til kr 1 mill. pr år i prosjektperioden. Eventuelle eksterne midlar kommunen får frå OU-mildlar, skjønnsmidlar eller anna kjem i tillegg.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 23/2025 Omstilling av Osterøy kommune:

1. Heradsstyre har som mål å vedta ein realistisk økonomiplan for planperioden 2026–2029 i balanse i samband med at heradsstyret vedtek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 i desember 2025.
2. Heradsstyret vedtek Prosjekt-/gjennomføringsplan for berekraftig omstilling 2025 – 2028 slik det ligg føre, men ber om at dette vert utvikla kontinuerleg med sikte å avdekke nye innsparings- og utviklingstiltak som gjev ønska måloppnåing.
3. Prosjekta som vert sett i verk skal samla sett gje gevinstar som stettar måla om:
 - ein økonomiplan i balanse
 - ei forsvarleg og effektiv tenesteyting
 - ein god arbeidsgjevarpolitikk
 - eit sosialt berekraftig samfunn
4. I kvart prosjekt skal det leggjast til rette for både informasjon og medverknad frå interessentar og involvering av tillitsvalde basert på prosjekta sine planar og lov-avtaleverk.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å hente inn ekstern kompetanse for hjelpe kommunen i omstillingsarbeidet. Ramma for dette er avgrensa til kr 1 mill. pr år i prosjektperioden. Eventuelle eksterne midlar kommunen får frå OU-mildlar, skjønnsmidlar eller anna kjem i tillegg.

EV 2/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 2/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2025 av sak 2/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.